

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FA - A30	17/1034

Saknr	Utval	Type	Dato
105/2017	Formannskapet	PS	07.11.2017

Elev- og lagsbetaling i kulturskulen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Satsane for elevbetaling vert frå 01.08.18 auka med 2 % frå kr 2206 til kr 2250 for skuleelevar. 30 % søskenmoderasjon som før.

For vaksne elevar (etter vidaregåande) vert det oppretta ein eigen sats, frå 01.08.18 kr 3375.

Timesatsane for lagsbetaling vert frå 01.08.18 auka med 2 % frå kr. 289 til kr 295 for barne- og ungdomslag og frå kr 394 til kr 402 for lag med vaksne medlemmer.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bakgrunn/ Fakta

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vart sist endra 01.08.17. Då vart satsane auka frå kr 2163 til 2206.

Elevane si undervisningstid er mellom 20 og 60 minutt pr. veke, avhengig av gruppestorleik. Elevbetalinga utgjer for 2017 kr. 280 000.

Samanlikna med nabokommunane ligg Masfjorden i nedre sjikt når det gjeld elevbetaling.

Masfjorden kr. 2206

Lindås kr. 3126

Meland kr. 3500

Austrheim kr. 2400

Radøy kr. 3000

Kulturskulen gir og undervisning til ein del vaksne elevar. Dette gjeld vaksne ungdommar med behov for tilrettelagt undervisning, men og andre interesserte dersom lærarar i kulturskulen har ledig kapasitet. Skuleåret 2017-18 gjeld dette totalt ni elevar. Dei vaksne

betaler pr i dag det same som skuleelevane.

Lagsbetalinga

Kor, korps og grupper kjøper dirigent- og instruktørtenester gjennom kulturskulen. Ordninga sikrar ryddige tilsetjingstilhøve for dirigentar og instruktørar. For skuleåret 2017-18 utgjer kjøpet om lag eitt årsverk.

Lagsbetalinga vart sist endra 01.08.17. Då vart satsane auka frå kr 283 til 289 for barne- og ungdomslag og 386 til 394 for lag med vaksne medlemmer. Lagsbetalinga utgjer for 2017 kr 305 000. Utover dette dekkar laget reiseutgifter for dirigent/instruktør.

Vurdering

Det er viktig å halda elevbetalinga på eit rimeleg nivå for å sikra ei god rekruttering til tilboda i kulturskulen. Kulturskuletilbodet når svært mange barn og unge i kommunen. Dette skuleåret er det 152 elevplassar i kulturskulen fordelt på 112 elevar.

Elevtalet er svært stabilt, i motsetnad til fleire andre kommunar som dei siste åra har opplevd ein liten nedgang i søkjarmassen.

Elevane i kulturskulen er særst gode bidragsytarar i kulturelle samanhengar i bygdene våre, og dei er gode ambassadørar for kommunen.

Det vert lagt opp til ein prosentvis auke av elevbetalinga på 2% gjeldande frå 01.08.18. Dette er i tråd med vedtak i rammesaka.

Det vert oppretta ein eigen sats for alle vaksne søkjarar, dvs elevar ferdige med vidaregåande skulegang. Denne blir sett 50% høgare enn satsane for skuleelevar.

Laga er bærebjelken i det lokale kulturlivet, og for kommunen må det vera viktig å leggja best mogleg til rette for at laga har rammevilkår for utvikling.

Fleire lag har mellom anna pga lågare barnetal i kommunen hatt noko mindre rekruttering, noko som medfører at færre medlemmer må stå for innhenting av midlar til laget, og i neste omgang slitasje. Det vert frå lagshald kommentert at verken kommunale kulturmidlar eller kommunale VO-midlar har auka i takt med prisauken på kjøp av kommunale tenester gjennom kulturskulen. Sekken til kulturmidlar har vorte redusert dei siste åra.

Også her vert det i tråd med vedtak i rammesaka lagt opp til ein prosentvis auke av lagsbetalinga på 2% gjeldande frå 01.08.18.

Konklusjon

Satsane for elevbetaling vert frå 01.08.18 auka med 2 % frå kr 2206 til kr 2250 for skuleelevar. 30 % søskenmoderasjon som før.

For vaksne elevar (etter vidaregåande) vert det oppretta ein eigen sats, frå 01.08.18 kr 3375.

Timesatsane for lagsbetaling vert frå 01.08.18 auka med 2 % frå kr. 289 til kr 295 for barne- og ungdomslag og frå kr 394 til kr 402 for lag med vaksne medlemmer

Formannskapet - 105/2017

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Satsane for elevbetaling vert frå 01.08.18 auka med 2 % frå kr 2206 til kr 2250 for skuleelevar. 30 % søskenmoderasjon som før.

For vaksne elevar (etter vidaregåande) vert det oppretta ein eigen sats, frå 01.08.18 kr 3375.

Timesatsane for lagsbetaling vert frå 01.08.18 auka med 2 % frå kr. 289 til kr 295 for barne- og ungdomslag og frå kr 394 til kr 402 for lag med vaksne medlemmer.